



## Statens vegvesen

LINDÅS KOMMUNE

Felles postmottak Kvernhusmyrane 20

5914 ISDALSTØ

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
19/251109-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
06.11.2019

### Uttale – Dispensasjon – Hovudvassleidning – Fv. 57 – Gnr. 185 bnr. 4 mfl. – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til brev mottatt 15.10.2019. Frist for uttale er 4 veker.

#### Kva saka gjeld:

Lindås kommune ber om uttale til søknad om dispensasjon etter plan og bygningslova for framføring av hovudvassleidning. Kommunen skal leggje ny vassleidning gjennom Isdal som erstatning for dagens røyrleidning langs veg. Prosjektet vil omfatte ny røyrleidning mellom trykkaukestasjon på gnr. 185 bnr. 4 og vassverkkum på gnr. 185 bnr. 2. Vassleidninga skal leggjast gjennom Isdalsvatnet.




Fig. 6. Traséer for prosjekterte VA-ledningsnett (grønne linjer). 3 endepunkter i prosjektert anlegg er vist med røde sirkler. Prosjekterte traséer er delt opp i 5 avsnitt, for mer detaljert omtale i rapporten. To innløpsbekker i nord, samt utløpselven fra midt på Isdalsvatnet, er markert. Kart: Haugen VVA AS.

Fig: Kart vedlagt rapport.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Uttale:**

Det omsøkte tiltaket ligg langs og ved Isdalsvatnet i Lindås kommune. Tiltaket ligg dels langs den kommunale vegen, som også er trasé for Den Tronhjemske postveg. Postvegen er avmerka i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden. Statens vegvesen uttaler seg i denne saka som grunneigar av den museale vegen og som forvaltar av kulturminnet.

Den Tronhjemske postvei vart oppretta etter kongeleg forordning frå 1785 og gjekk mellom Bergen og Trondheim. Vegen er den første offentlege bygde hovudvegen på Vestlandet, og er såleis ein viktig del av vår nasjonale samferdslehistorie.

I Lindås vart Postvegen anlagt frå Isdalstø i sør til Fonnebust i nord. Delar av Den Tronhjemske postveg er med i Statens vegvesen sin «Nasjonale verneplan» og har nasjonal verdi som kulturminne. Postvegen ved Isdal er ikkje innlemma i verneplanen. Ein må likevel merke seg at også strekningar som ikkje er med i verneplanen har stor verdi. Det er viktig å sjå alle små og store delar av postvegen som del av ei samanhengande historisk veglinje og som eit heilskapleg kulturminne.

Omsøkte tiltak ligg i tilknytning til postvegen. Statens vegvesen er kritisk til ny og endra bruk av vegen som får konsekvens for vegen som kulturminne. Det kan ikkje leggast til rette for tiltak eller aktivitet som øydelegg eller forringer kulturminnet, i dette inngår også anleggsperioden. Vi rår til at vassleidning vert lagt i ein trasé utanom kulturminnet.

Vi minner om at Statens vegvesen står som grunneigar på museale vegar. Lindås kommune kan ikkje utføre tiltak på eller langs vegen som ikkje er avklart med oss.

Vi ber om å få tilsendt kommunen sitt vedtak til klagevurdering.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppeleiar

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
HORDALAND FYLKESKOMMUNE KULTUR- OG IDRETTSAVDELINGA, Postboks 7900, 5020  
BERGEN